

Årsmøte i Landbrukstenester Nordfjord 2010

Tysdag 5. april kl. 20.00 på kontoret Almenningen 1

Sakliste:

- Sak 1: Opning v/styreleiar Magnus Endal
- Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 3: Val av skrivar og to til å skrive under møteboka
- Sak 4: Årsmelding og rekneskap for 2010 -
revisjonsmelding
- Sak 5: Val.
- Sak 6: Arbeidsplan for 2011
- Sak 7: Budsjett for 2011
- Sak 8: Vedtektsendring i høve overgang frå BA til SA
- Sak 9: Innkomne saker
- Sak 11: Ymse

Årsmelding ligg vedlagt , resultatrekneskap og forslag til vedtektsendring kan hentast på kontoret, ring for å få det tilsendt eller lastast ned frå

www.nordfjord.landbrukstenester.no

Vi oppmodar medlemmane våre til å kome på årsmøtet.

Enkel servering. Vel møtt !!

Årsmelding Landbrukstenester Nordfjord driftsåret 2010

Årsmøtet for 2009 vart halde på Nordfjord Hotell.

Det var 10 medlemar som møtte opp. I tillegg møtte Kari Rogdo som vikar for dagleg leiar.

Leiar Magnus Endal opna møtet og ynskte vel møtt. Innkalling og sakliste vart godkjend.

Magnus Endal vart vald til møteleiar. Kari Rogdo vart vald til å skrive referat. Ove Heggen og Asbjørn Manseth vart valde til å skrive under møteboka.

Årsmeldinga vart godkjent. Rekneskapan vart lagt fram av Kari Rogdo, og vart godkjend.

Revisjonsmeldinga vart opplest.

Styret har vore slik samansett i 2010

Magnus Endal leiar, vald på årsmøtet

Unn Henden

Gunvald Hildenes nestleiar

Odd Runshaug

Svein Manset

Sigrídur Ketilsdóttir vald av og blant dei tilsette

Etter at Sigrídur har flytta, har dei tilsette vald Roy Andre Bruvoll som sin representant i styret.

Varamedlemmer valde på årsmøtet for 1 år
Anders Alsaker 1. vara
Jan Inge Sande 2. vara
1. vara har møtt fast i styret.

Valnemnd:

Idar Dombestein 1 år leiar
Anne Inger Moen 2 år
Arne Ivar Teige 3 år
Eldrid Strømmen vara

Revisor: Firda Revisjon & Rådgivning AS

Det er ingen endring i godtgjersle for styreleiar

Drift:

Landbrukstenester Nordfjord er eit andelslag (BA), med avgrensa økonomisk ansvar, vekslende kapital og medlemstal. Medlemne heftar berre med sitt partsinnskott for gjelda til laget. Laget dekkjer Eid, Bremanger og Vågsøy kommunar, og laget sin administrasjon ligg på Nordfjordeid. Laget driv med rekruttering av arbeidskraft, teneste- og rettleiingstilbod og det som høyrer med.

Tone H. Sørland er dagleg leiar og har ei stilling på 85%.

Landbrukstenester Nordfjord hadde ved årsskiftet 206 medlemar, med arbeidsgjevaransvar for 174 av dei. Det er utført ca.23 årsverk.

Styret har i 2010 hatt 5 styremøter.

19. – 21.okt. var det kurs og haustsamling på Gardermoen Tone H. Sørland, Kari Rogdo og Magnus Endal deltok der.

Dagleg leiar var sjukmeld frå medio mai og ut august i 100 %, ut året i 50 %. Då var Kari Rogdo innleigd som vikar og til å ta beredskap. Samarbeidet med SpaNo som har “lånt ut” Kari, har vore uunnverlig. I desember flytta Kari inn i same kontorlokale som LTN, og det gjorde samarbeidet endå lettare.

Fusjon:

På Årsmøtet 15. april vart det orientert om temamøte om fusjon der styremedlemar og dagleg leiarar i fleire lag var inviterte, og Frode Alfarnes frå Norske Landbrukstenester var møtehaldar. Vidare var det orientert om fusjonssamtalar mellom styra i Landbrukstenester Nordfjord og Vest Landbrukstenester. Årsmøtet gav si støtte til at det vart jobba vidare med saka, og styra i begge laga saman med Frode Alfarnes hadde møte på Nordsida Næringsstove i Stryn 27. mai. Rekneskapstala for laga vart samanlikna, og det vart samtala ein del om fusjon utan at noko konkret forslag om løysing kom fram. Frode vart beden om å sette opp rekneskapstal for eit ev. fusjonert lag, og kostnad og innsparing ved ein fusjon. Desse tala fekk laga tilsendt. Så skulle laga snakkast igjen etter sommaren. I haust gjorde Vest Landbrukstenester vedtak som gjekk på at dei avventar fusjon med Landbrukstenester Nordfjord. Styret i LTN har difor avslutta arbeidet med fusjon i denne omgang.

Økonomi:

Sal av tenester i nærmiljøet har gått sterkt ned, i høve til året før. Det har vore liten respons frå medlemmar som kan yte tenester, og såleis vanskeleg å kunne annonsere og tilby noko.

I august kom det melding frå skatteoppkrevjaren om arbeidsgjevarkontroll. Lønsrekneskapen vart kontrollert med fokus på arbeidsgjevaravgift, skattetrekk, oppbevaring av trekkbeløp, arbeidstakarregister og rekneskap/bokføringsplikt. Kontrollen gjekk fint utan merknadar.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Dei unntaksreglar som gjeld for små føretak er brukt der ikkje anna er vist i notar.

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen eit korrekt bilete av laget sin situasjon og resultat pr. 31.12.2010 er kr 100.243

Føresetnadane er til stades for vidare drift, og det viser igjen i rekneskapen.

Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøet er etter styret si oppfatning godt. 8 og 9 mars var det kurs for avløyssarar, landbruksvikarar og daglege leiarar på Alexandra i Loen. Arbeidstilsynet hadde ein sekvens, veterinær tok føre seg aktuelle tema og Per Steinar Melås hadde ei interessann økt med krisehandtering.

Sjuefråværet har vore lavt. Det har ikkje skjedd alvorlege skader eller ulukker med tilsette.

Ytre Miljø.

Laget forurenar ikkje det indre eller det ytre miljø av noko betydning.

Likestilling:

Laget har 262 tilsette, fordelt på 101 kvinner og 161 menn. Laget si holdning er likebehandling av kjønna i alle fasar av arbeidet. Styret ser ikkje det som nødvendig å gjennomføre spesielle tiltak for å fremje likestilling, eller for å forhindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Avløyssarane:

Vi har lønsmeldt 262 avløyssarar. Brutto utbetalt løn: kr 6.672.763

Forskotstrekk/skatt: kr 1.385.165

Vi har den same stabile gjengen med faste avløyssarar, men vi har misst eit par freelansarar, og det merkast. Håpar at det etter kvart melder seg nokon som kan ta småoppdrag og tilfeldig sjukdomsoppdrag. Det er svært dyktige folk vi har. Avløyssarane er innmeldt i landbrukshelsa, og får god oppfølging der. Arbeidsmiljøet blir sett på som godt og det vert stadig sett inn tiltak til forbetring. Det sosiale arbeidsmiljøet er utfordrande, for det er eit einsamt yrke.

23. nov. var det møte med dei faste avløyssarane på kontoret. 7 avløyssarar, dagleg leiar og to frå styret møtte. Det vart orientert om saker som angår avløyssarar, og elles uformelt prat og pizzaeting.

4. des. vart det årlege julebordet halde på Nordfjord Hotell.

Alle avløyssarane og landbruksvikrane har teke kurset i dyrevelferd hos sau og storfe.

Laget sine arbeidsoppgåver:

Den viktigaste oppgåva vår er å tilby bøndene kvalifisert arbeidskraft når dei har bruk for det. Vi skal prøve å bidra til å skape trivsel og tryggleik for bonden og hans familie slik at dei kan få ferie, fritid og tryggleik under sjukdom.

I velferdsordningane er det to viktige faktorar; økonomisk tilskot og tilgang på arbeidskraft.

Dårlegare likviditet i næringa har ført til ujamn avløyasing gjennom året. Dette fører til "panikkavløyasing" på slutten av året, og dermed ujamn sysselsetjing. På denne måten får vi ikkje kvalifisert arbeidskraft til å bli.

Avløyisarlaga er i dag hovudleverandør av arbeidskraft til landbruket, og vi må levere eit godt produkt. Rekruttering og opplæring er viktig, og det krevst profesjonalitet både til personalhandsaming og oppfølging av reglar og forskrifter.

Nordfjordeid, 18 mars 2011

Magnus Endal

Unn Henden

Gunvald Hildenes

Svein Manset

Odd Runshaug

Jan Inge Sande

Roy Andre Bruvoll

Tone Sørland